

Turmål 1: Meisdalsstølen:




The map displays a topographic view of the Skrautvål region. A red line with 18 points traces a path from the north (Meisdalsstølen) towards the south (Skålemørke). Key locations labeled include Brenna, Høgden, Lineikrehagen, Enge, Meisdalsstølen, Dekkane, Kasset, Lysangstølen, Holldalstølen, Hulaba, Meisdalsdalen, Nustad, Meisdalsdalen, Ljøseeng, Haugset, Dalastølen, Veitemyr, Trugebakkhogde, Bråten, Kolaset, Trugebakk, Elseberg, Holldal, Røydalen, Ton, Øygarden, Bundli, Kjetto, Kjøli, Kvehaugen, Bakke, Skålemørke, Skrautvål, Åbol, and Moen. Contour lines are shown in brown, and roads are marked with numbers like 70, 275, 270, 51, and 269. A scale bar indicates 500 m. An inset map in the bottom right corner shows the location of the study area within Norway.

Turmål 2: Skardåsen:




Kjør Svarthamarvegen austover frå Valdres Skisenter til Grøslia. Her står det turmålskilt på venstre side av veien. Følg skilta rute til Skardåsen.



Turmål 3: Skørsløo




Dette er i tillegg til ein fin fottur, ein fin tur på sykkel og med barnevogn då det går veg heilt fram til kassa. Du kan parkere i Valdres Skisenter og gå merka sti mot Stavlie, ta mot Brendeløo/Nystølen og deretter mot Grytestølen. Frå Grytestølen følgjer du vegen til endes. Du kan korte ned turen ved å kjøre Svarthamarvegen (bomveg) vidare frå Valdres Skisenter og parkere på høgre sida ved avkjøring til Grytestølen og følgje vegen til endes. Kassa heng på turskilt mellom to heimstølar. Frå Skørsløo kan du gå fleire ruter om du ikkje vil gå same vegen tilbake. Du kan gå vidare opp til Neversethkrysset som ligg lenger aust etter Svarthamarvegen, eller du kan følgje den gamle Kjørkjevegen heilt til Hølstølen/Steinsetbygda. Før du kjem så langt, kan du ta av på sti opp til Døvrissetølane og kome att på Svarthamarvegen rett heimafor Heimåsgrinda. Ta fram kartet og planlegg ruta før turen!



Turmål 4: Bjørnhovda:




Følg Svarthamarvegen til Hovdasvingen (skilt merka med Hovda står i denne svingen). Parker på lomme på høyre side av vegen etter skiltet. Stigen opp på Bjørnhovda går opp på venstre side av vegen litt aust for parkeringslomma. Kort tur med flott utsyn mot Tansberg, Skaget og Melladn.



Turmål 5: Skreolægerknatten:



Kjør Svarthamarvegen heilt inn til stølslaget Svarthamar. Etter å ha passert brua, kjør rett fram til første stølen. Der er det eit par lommer på venstre side der du kan få sett frå deg bilen. Gå innover så langt vegen går, ta inn på kjerreveg til venstre ved grinda til den innerste stølen. Følg merka DNT-sti om Smørhamar til Skreolægeret. Frå Skreolægeret er det merka med rosa lisser opp på knatten. Turen går i lett skogsterreng til oppstigning på knatten. Tidsbruk: 1,5-2 timar ein veg!



Turmål 6: Svarthamarknatten



Kjør Svarthamarvegen innover forbi Valdres Skisenter til stølslaget Svarthamar. Kjør over brua og hold på rett fram (ikkje ta første til venstre mot Susstølen). Ta deretter neste til venstre mot Gladheimsstølane. Det er ei parkeringslomme før du kjem til desse stølane. Følg skilta rute mot toppen!

